

Lundergarde – Lundgård (gnr. 123)

Lundergarde: Namn der forleden sikkert er naturnamnet L u n d r, lund. Skriveforma av gardnamnet her i Fåberg vart tidleg Lundgaard, og denne skrivemåten har i det heile vore stø og med få avvik.

I gamle dokument finn ein garden Lundegarde i Fåberg omhandla både i diplom av 1330 og 1383. I diplomet av 1383 er det fortalt at Eivinder Basseson, Ingulfur Alfsson og Alfuer Asmundzson var i Lundergarde er ligger i Foghabergi og hørde at sira Gunner Æriksson prester a Ringisakre selde Ulfuer Ketilsson sydra garden i Bulungum er ligger i Vingæreimi i Foghabergs sokn i Gudbrandsdalom.

Av det som her er fortalt, går det tydeleg fram at Lundargarde alt da måtte vera ein kjend og sentral gard med ei lang og god fortid bak seg.

I eit diplom av 1462 er det vidare tydelig fortalt at den da fleire gonger nemnde garden Afliudzgard låg ved Lundargarth. Av andre opplysningar om Lundgård i eldre tid tek vi elles med at i stiftsboka av 1578-79 er det dessutan fortalt at ein del av Lundgardt da låg til Fåberg prestebolig. Femten år seinare finn ein elles i 1594 gardnamnet for første gong skrive Lundgaard, og garden vart da ført blant dei 28 fullgardane i Fåberg, som da betalde den ekstra bygningsskatten av 1594 med 60 skilling kvar.

Etter atter 15-16 år var i 1604 Oluf vorte brukar på Lundgaard, og han svara da Landskatten 1610 med 1 dalar, som 50 gardbrukarar elles i Fåberg.

Av odelsmanntalet for 1615 går det elles fram at same Oluf Lundgaard og var odelseigande bonde og åtte forutan jordegods til 2 ½ hud i sin eigen gard også jordegods til 2 huders skyld i Tjerne på Ringsaker. Etter ei elles sers påliteleg husdyrtelling i 1657 er det vidare opplyst at buskapen på Lundgaard i den tid var 1 hest og 2 hopper, 29 naut, 5 geiter, 32 sauer og 5 griser, og brukaren, som truleg sjølv synte fram husdyra sine ved dette høvet da det galdt ein særskilt "kvegskatt", ja brukaren på Lundgaard heitte også da Oluf. Mannkjønnsmanntalet av 1665 gir m. a. fleire opplysningar om den mannlege arbeidskrafta på gardane i den tid. Der er under "Lundgaard" oppgitt at vaksne karar på garden var det da 4. Det var Oluf Olufsen, som var 36 år brukar på garden, vidare var det broren Peder Olufsen, som var 33 år, og endeleg var det Giert Ottosen, som var "gevorben rytter" og 22 år. Vidare er det opplyst at Lundgaard i den tid var "rytterhoffuit kvarter". – Av ei anna kjelde går det elles fram at Oluf Olufsen senior også hadde vore kyrkjeverge i Fåberg.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Lundgaard fortalt at den samla landskyld av garden da var 3 huder 3 skinn. Av dette åtte så brukaren sjølv dei 3 huder, og resten dei 3 skinn låg framtil Fåberg prestebord. Brukar på garden var framleis Oluf Olufsen junior, som da var 39 år. Vidare er det i matrikkelen av 1668 fortalt om garden og gardsbruket at enga, innmarka på Lundgaard var god, og at det var skog der nok til gards bruk. Buskapen av store husdyr var da 4 hestar og 17 storfe, og korntienda vart utreidd med 4 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 45 tn. Når det særskilt er nemnt at det var ein liten humlehage på garden, tyder det på at ein her var på ein gard der det ofte vanka tilreisende eller andre som var vant til å få øl til maten. Vidare er det i matr. av 1668 også opplyst at Lundgaard alt da hadde seter på "Rychasetter", Ruken seter. - Frå tre år seinare er elles ei tinglyst sak som her kan vera av interesse. Brørne Oluf og Peder

Olsen Lundgard, som dei da skreiv seg, let da tinglyse at dei var vorte samde om at "Peder skal nyde åsætesretten med Olle, så at hver av dem skal bruge halvparten i Lundgaard".

Hoppar vi så 50 år fram i tida, så hadde det vore brukarskifte på Lundgaard, men den nye brukaren heitte og Ole Olsen. Han fekk ved eit skifte i 1720 skjøte av brørne sine, Arne Olsen Lekshus og Knut Olsen på Moe på 1 hud jordegods, sikkert i den felles ættegarden Lundgaard.

År 1723 kom matrikkelframlegget av 1723 med fleire nyare opplysninger om gardane. Der er det om Lundgaard vidare fortalt at landskylda av garden framleis var 3 huder 3 skinn, og at brukaren, Ole Olsen, også da åtte dei 3 huder, og Prestebolet dei 3 skinn. Husdyrhaldet på garden var da 4 hestar og 1 føl, 25 storfe og 38 småfe, og den årlege utsæden av korn utgjorde 8-9 tønner bygg og litt rug. Vidare er det oppgitt at garden nok låg i baklia, men var lettbrukt, og at jordarten der er god. Det var skog til brenneved, gjerdefang og hustømmer, seter med "mådelig hamn" og slåttar til 2 lass høy. Høyavlinga i alt utgjorde 45 lass og det er elles oppgitt at Lundgard hadde eiga kvern og fiskeri i Lougen elv.

Ole Olsen som da var eigar og brukar av Lundgaard, var fødd i 1669, og var gift med Beret Tostensdr. Fliflet. Dei hadde 6 born, som alle var jenter. Det var: 1. Kari f. ?, 2 Ingeborg f. 1707, 3. Anne f. 1709, gift 1732 med Arne Ulland, 4. Beret f. 1711, 5. Kjersti f. 1713, 6. Mari f. 1715.

Av år 1728 er dessutan eit skjøte som gir fleire opplysningar om slekta, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

"Lundgaard.

Skjøte dat. 12. juni 1728 tgl. 1. juni s.å.

Fra Ole Olsen selv, på sin myndling Ingebor Olsdatters vegne, og på Beret Olsdatters vegne, Erik Onsum på myndling Anne Olsdatters vegne, Arne Lexhuus på sin myndling Kjerstj Olsdatters vegne, og Knud Moug på sin myndling Marj Olsdatters vegne til Ole Olsen Lundgaard den yngre på til sammen 2 1/5 hud, med bøxel, alt beliggende i hans påboende gård Lundgaard i Fåberg prestegjeld for sum 250 rd.. Ole Olsen eier nu hele gården Lundgaard av skyld 3 huder."

Eldste dottera på Lundgaard, Kari Olsdr., gifta seg med Ole Olsen Hoff, og dei fekk 1 barn, sonen Ole f. 1724. Men den nye husbonden Ole Olsen (Hoff) f. 1693 døde alt i 1734, og enka Kari Olsdr. Lundgaard gifta seg i 1735 oppatt med Simen Pedersen Korsrud, men dei fekk visstnok ingen barn.

Frå denne tid har ein elles eit døme på at gardnamnet kunne bli uttala "Lunngard" ell. Lynggard" også da. Da husmannen Nils tinga barnedåp i 1741 oppgav han høgst truleg at han var frå ein husmannsplass under Lynggard eller Lunngard, for gardnamnet i kyrkjeboka er skrive "Lyngaard".

Vi tek her elles med ei sak som etter utskrift av tingboka er referert slik:

" 15. febr. 1744.

Simen Lundgaard, Christopher Korsrud og Ole Alfsberg har indstevnt Petter Christen Møller på Lillehammer for 450 rd. efter obl.

Christian Møller som ikke møtte forelegges lavdag til neste ting.

15. juni 1744.

Saken beror til neste ting.

16. septb. 1744.

Saken optages tildoms i morgen.

17. septb. 1744.

Avsagt: Citanterne har under saken tilstaaet at de har igjenbekommet kapitalen 450 rd. Men da renterne fra 20. mars 1743 ikke medfulgte, så tilpliktes indstevnte Christian Møller at betale de resterende renter 22 ½ rd. til citanterne Simen Lundgaard, Christopher Korsrud og Ole Alfsberg tilligemed 2 rd. i omk.”

Christian Møller var elles berre ein av dei mange som når dei var ibeit, kunne få låne pengar hos husbonden på Lundgård.

Simen Pedersen Lundgaard og hustru Kari Olsdr. hadde grd. Lundgaard til i 1756, men gav da skjøte til kvartermester Arne Christophersen Korsrud på ”grd.Lundgaard skyldende 3 huder med bøxel til like over 3 skind prestebølets for sum 1495 rd. I tillegg til kjøpesummen kom så føderåd etter denne kontrakten:

”Lundgaard.

Føderådskontrakt dat. 14. febr. 1756 tgl. 16. febr. s.å. Fra Kvartermester Arne Christophersen Korsrud til Simen Pedersen og Kari Olsdr. Lundgaard. Så lenge de er fornøiet med å være i brød med Arne Christophersen nyder de til sparte vilkår husværet Sveen i akerjordet tillikemed 1 mål av gården Lundgaards aker, men i foranderlig tilfelde nyder de visse føderåds konditioner av gaarden.”

Mot skjøtet av 1756 vart det elles ved tinglysings protestert av prokurator Holm på vegne av Peder Pedersen Smerud, som hevda at det var han som hadde odelsretten til Lundgård, men som han da selde til Arne Christophersen Korsrud for 500 rd.

Arne Chr. Lundgaard; som han snart skreiv seg, var gift med Berit Arnesdr. Ulland, og dei fekk i sitt ekteskap 7 born. Dei var: a Ole f. 1758, b. Christopher f. 1760, g. 1782 m. Marte Kristensdr. Fliflet, c. Simen f. 1762, g. 1787 m. Marit Olsdr. Boro, d. Arne f. 1765, g. 1794 m. Mari Amundsdr. Øyre, e. Kari f. 1767, g. 1787 m. Ole Andersen Dal, f. Sønnøv f. 1770, g. Anne f. 1778, g. 1799 m. Even Gudbrandsen Mælum.

I denne tid budde det var det elles dåpsbarn på fleire husmannsplasser ”ved Lundgaard”. Hos husmannsfolka Nils og Anne vart det såleis i 1758 døypt ein son Engebret, og i 1761 tvillingane Ole og Kari. Hos Johannes og Berit v/Lundgaard heitte i 1763 dåpsbarnet Guri, og Anne var namnet på den nyfødde hos Tord og Malene v/Lundgaard i 1777.

Arne Chr. Lundgaard brukte garden til i 1784. Da skjøta han Lundgaard, framleis av skyld 3 huder 3 skinn, til eldste sonen Ole Arnesen f. 1758 for kjøpesum 1199 rd.
+ føderåd til foreldra Arne Lundgaard og hustru Berit Arnesdr

Av 14. oktober 1792 er ei tinglese kontrakt mellom gardane Lundgaard, Onsum og Raanerud på den eine sida og Lars Rusten og Lars Ormerud i Saksumdalen på den andre sida om

tømmerhugst" på østre side av Korsaaens høieste rygg" ei sak som det sikkert vart tala mykje om.

År 1801 kom det påbod om folketelling, og det budde da 7 familiar på og/eller ved Lundgaard. Dei var:

1. familie: 1. Ole Arnesen, husbonden, 43 år, 2. Anne Christensendr., kona hans, 41 år, 3. Arne Olsen, son deres, 18 år, 4. Anne Olsdr., dotter deres, 16 år, 5. Christian Olsen, son deres, 13 år, 6. Christence, dotter deres, 10 år, 7. Simen, son deres, 4 år, 8. Berit Arnesdr., mor til husbonden, 67 år, 9. Thomes Pedersen, tenestkar, 24 år, 10. Christen Engebretsen, tenestkar, 19 år, 11. Berit Olsdr., tenestkvinne, 25 år, 12. Sedsill Christensdr., 23 år, 13. Berit Olsdr., tenestkvinne, 41 år, 14. Anne Olsdr., tenestkvinne, 18 år, 15. Dordi Larsdr., Legdslem, 64 år,
2. familie: 1. Clemet Olsen, husmann med jord, 60 år, 2. Eli Olsdr., kona hans, 67 år.
3. familie: 1. Ole Clemetsen, innerst utan jord, "gaaer i Dagleie", 27 år, 2. Marit Rasmusdr., kona hans, 22 år, 3. Christian Olsen, son deres, 2 år,
4. familie: 1. Ole Svendsen, husmann med jord, 62 år, 2. Kjersti Tostensdr., kona hans, 61 år.
5. familie: 1. Peder Thomesen, husmann med jord, 49 år, 2. Anne Larsdr., kona hans, 45 år, 3. Anne dotter deres, 12 år, 4. Sedsill, dotter deres, 7 år.
6. familie: 1. Christen Monsen, husmann med jord, 43 år, 2. Anne Olsdr., kona hans, 35 år, 3. Berit Poulsdr., innerst, "går i Dagleie",
7. familie: 1. Ole Hansen, innerst utan jord, "nyder Almisse", 70 år, 2. Ingri Erichsdr., kona hans, 61 år.

Husfrua på Lundgaard i denne tid, Anne Christensdr., var frå Fliflet og var født i 1759. Av borna til Ole Arnesen Lundgaard og Anne Fliflet var den eldste sonen, Arne, f. 1783, mykje sjukleg, og det vart til at broren, Christian f. 1788, overtok ættegarden. Søstera Anne Olsdr. f. 1785 vart i 1814 gift med Kristofer S. Fliflet, og yngste sonen, Simen Olsen Lundgaard f. 1798, vart i 1831 gift med enka Johanne Tomasdtr. Hammerseng.

Christian Olsen Lundgaard f. 1788 gifta seg i 1815 med Rønnaug Jonsdr. Waalen, og dei fekk i sitt ekteskap 7 born. Dei var: 1. Anne f. 1816, gift 1839 med Even Nilsen Langset, 2. Karen f. 1818, g. 1846 m. Jørgen Olsen Elstad, f. 1816, 3. Oline f. 1821, g. 1845 m. Styrkar Eielsen Opsal, f. 1818, 4. Johanne Birgitte f. 1824, g. 1854 m. Simen Kr. Fliflet, f. 1823, 5. Ole f. 1825, 6. Iver f. 1829, død som ung, 7. Christian f. 1832.

I mellomtida hadde altså husbonden av 1801 Ole Arnesen Lundgaard i 1814 skjøta fedrenegarden Lundgaard til sonen Christian Olsen Lundgaard f. 1788.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Lundgaard fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 7 hestar og 32 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 100 tønner. Vidare er det og oppgitt at det framleis var 4 husmannsplassar til Lundgaard.

Av husmannsplassane er Sveen eller Lundgaardssvea nemnt før. I 1822 var det arveskifte på plassen Lundgaardshagen. Husmannen der, Ole Clemetsen var da død, 48 år gamal. Arvebuet var ikkje stort nei, brutto 46 rd. og netto 19 rd., men ein må merke seg at her er det altså ikkje noko jordegods medregistrert i buet. Arvingane ved skiftet var enka Marit Rasmusdr. og dei to sønene Christian, som da var 22 år, og broren Ole, som da var 8 år.-

Same året var det og dødsbuskifte på plassen Lundgaardsstuen, der husmannen Johannes Eriksen var død. Der var arvebuet brutto 70 rd. og netto 16 rd. og arvingane var, forutan enka Guri Jonsdr., dei 4 borna: 1. Eli, 13 år; 2. Ole, 11 år; 3. Johan, 7 år; 4. Peder, 4 år. – Året etter var det i 1823 skifte på plassen Endløysa, der husmora Marte Olsdr. var død. Arvebuet, sjølv sagt også utan jordegods var verdsett til brutto 27 rd. og netto 22 rd., og Arvingane ved skiftet var enkemannen Ole Hansen og det einaste barnet i ekteskapet, dottera Ingeborg, som da var 6 år.

Eit dødsbuskifte utenom det vanlege på bondebygda var eit skifte på Lundgaard d. 24. novbr. 1836: Den døde var der fru Anne Margrethe Bjerck, frua til sorenskriverfuldmektig jurist Casper Wessel Bjerck, og arvingane var mor til avdøde, fru Olava Margrethe Kaasbøll og dei 4 brørne til avdøde: 1. Hans Olaus Kaasbøll, 2. Laritz Strand Kaasbøll, 3. David Monrad Kaasbøll, 4. Niels Clarecius Kaasbøll, som da var 17 år. Om arvebuet, som vistnok ikkje vart registrert er det oppgitt at det skulle ”ekstraderes enkemannen til fri rådighet.”

Husbonden Christian Olsen Lundgaard f. 1788 brukte garden til I 1857. Da skjøta han Lundgaard av ny skyld 19 dlr. 1 ort og 18 skill. til eldste sonen Ole Christiansen f. 1825 for kjøpesum 2300 spd. + eit føderåd verdsett til 400 spd.

Ole Christiansen Lundgaard f. 1826, som da tok over som eigar og brukar av garden, var gift med Ingeborg Iversdr. Mæhlum f. 1835, og dei fekk 3 born. Dei var: 1. Kristian f. 1864, 2. Rønnaug f. 1866, 3. Iver f. 1868.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 var det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Lundgaard opplyst at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 483 mål, og av dette var 144 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Lundgaard utgjorde 6 hestar 28 storfe og 36 småfe, men dertil var det på husmannsplassane under Lundgaard tilsaman 9 storfe og 24 småfe. Ført på same måten var utsæden i den tid på sjølve garden Lundgaard: 19 tønner korn og 24 tn. settepoteter, men dertil var utsæden på husmannsplassane tilsm. 5 tn. korn og 5 ½ tn. settepoteter.

Frå tolv år seinare er ei erklæring av 1877 frå Kyrkjedepartementet om at Ole Kristiansen Lundgaard, som namnet da er skrive, hadde betalt innløysningssummen 6 spd. ”for den gaarden Lundgaard paahvilende løse landskyld 30 skill. årlig til Faaberg Sognepræst, hvorved afgiften for fremtiden bortfalder”.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Lundgaard i Fåberg fekk da gardsnr. 123 av samla skyld 23,14 mark, og det var enda berre eitt bruksnr. under gardsnr. 123. Det var: Grn. 123m brn. 1 Lundgaard av skyld 23, 14 mark, som Ole Kristiansen framleis var eigar og brukar av.

Ole Kristiansen Lundgaard f. 1826 brukte garden til i 1894. Da gav han skjøte på fedrenegarden Lundgaard, altså av ny skyld 23,14 mark til sonen Iver Olsen Lundgaard for kjøpesum kr. 12 000,- + føderåd årlig verdi 300 kr.

Da det kan vera av interesse tek vi her med at ved kommunevalet i 1901 budde det 6 personar med røysterett på og/eller ved Lundgaard. Dei var: 1. gardbrukar Iver Olsen Lundgaard, 33 år, 2. husmor Tina Andreasdatter Lundgaard, 30 år, 3 føderådsmann Ole Kr. Lundgaard, 75 år,

4. rentenist Nils E. Lundgaard, 60 år, 5. husmann Mathias Iversen, 29 år, 6. husmor Marte Matiasdatter, 31 år. Ein merker seg at røysterettsalderen enda var 25 år.

Av 12. oktober 1903 er ei fletdøringskontrakt frå Nils Evensen der han overdreg til Iver O. Lundgaard all sin eigedom mot å få livsvarig opphald og tilsyn på Lundgaard. Av 3. august 1907 er ei grenseoppgangsforretning vedkomande 2 skogteigar av s. Onsum tilhørende militæretaten.

Om handlar i den seineste tid med Lundgaard og/eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1924 selde Iver O. Lundgaard parsellen brn. 2 Opset til Simen Matiassen, og i 1928 skjøta så Iver Lundgaard fedrenegarden Lundgaarden over til sonen Ole Iversen Lundgaard. År 1939 vart så parsellen brn. 3 Endløysa av skyld 0,45 mark selt til Torstein H. Lien, og samtidig kjøpte Ottar Hagen grn. 123, brn. 4 Nyheim av skyld 0,03 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 altså vorte 4 bruksnummer under gardsnummer 123 Lundgaard. Av desse var dei 3 bruk som da kvar for seg hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.) det var: a Grn. 123, brn. 1 Lundgaard med eit jordbruksareal på ca. 230 mål, som Ole Lundgaard framleis var eigar og brukar av, b. brn. Opseth, jordbruksareal ca. 12 mål, som da tilhørde Simen M. Opseth, brn. 3. Endløysa, også med jordbruksareal ca. 12 mål, som Torstein Lien framleis var eigar og brukar av.